



HEDALM AS Hovedkontor
Postboks 4345
2308 HAMAR

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3668 - 14/18037

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
21.11.2014

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk, gbnr 10/224 Hjertåsvegen.

Administrativt vedtak. Saknr: 333/2014

Saksutgreiing:

Det er søkt om tilknytning til kommunalt vassverk for nytt bustadhus på gbnr 10/224 i Hjertåsvegen. Tilknytninga skal skje via felles privat stikkledning, frå kommunal kum. Denne vart godkjent etablert i sak DNT.089/10.

Det ligg føre erklæring med løyve frå gbnr 10/225 som gjev gbnr 10/224 rett til å leggje og vedlikehalde leidningar over privat eigedom. Det ligg også føre naudsynt erklæring som gjev eigedomen rett til å kople seg på felles privat stikkledning.

Utsleppsløyve er gjeve i sak DNT.068/2011.

Vurdering:

Tilknytning til kommunalt vassverk skal skje i kum enten direkte eller som her via privat stikkledning og elles på vanlege kommunale vilkår.

Administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt kommunalt vassverk.

Vedtak:

«Meland kommune godkjenner at bustad på gbnr 10/224 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad motteke 03.09.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 11.11.2014 og 17.11.2014 og på følgjande vilkår:

Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.

Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.

Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.

Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2014 er tilknytingsgebyret for vatn kr 10 000,- pluss mva.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova,»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

situasjonskart

Kopi til:

Henriette Sæle Bønes og Alexander Tveitnes	Våkleivåsen 5	5155	BØNES
Stusdal VVS as	Apalen 17	5915	HJELMÅS

Mottakere:

HEDALM AS Hovedkontor	Postboks 4345	2308	HAMAR
-----------------------	---------------	------	-------